



## Til brukar av fritidskonto

Kommunen brukar Friskus som verktøy for utdeling av fritidskassemidlar. I dette dokumentet får du ei oversikt over kva du som forelder må gjere for å opprette barnet ditt i Friskus og betale til lag/foreining.

Gå til <https://bremanger.friskus.com/>

Først må du opprette ein brukar. Om du også driv eit lag eller ei foreining som skal motta pengar på Friskus, kan du bruke same brukarnamn og passord. Du treng berre éin brukar (den er universell, uavhengig av rolle).

Slik opprettar du brukar:

<https://hjelp.friskus.com/article/17-opprette-ny-bruker>

Vidare skal du opprette barnet ditt. Du trykkjer på initialane dine oppe i høgre hjørne og vel «profil». Deretter opprettar du barnet på denne måten:

<https://hjelp.friskus.com/article/69-hvordan-opprette-fritidskonto>

Når dette er gjort, skal det stå 2200 kr klar til bruk på barnet. Du finn arrangøren du skal betale til ved å søkje i søkjefeltet på sida. Om ikkje arrangøren kjem opp, kan du gå til arrangøroversikta (trykkje på «arrangørar» oppe på linja) og finne den riktige der. Du kan då gå inn på arrangøren og trykkje på «fritidskonto» for å betale. Om arrangøren ikkje ligg inne i systemet, kan du kontakte arrangøren direkte eller kommunen for at dei skal legge seg inn.

<https://hjelp.friskus.com/article/71-hvordan-betale-med-fritidskonto>

Du betalar på same måte som i ein nettbank. For at betalinga skal kunne knytast til barnet, må du ha fått ein KID, fakturanummer eller beskjed om å skrive inn namnet på barnet i «fakturanummer»-feltet. Frå du betalar til pengane kjem til laget/organisasjonen, kan det ta nokre dagar, sidan betalinga går gjennom kommunen for godkjenning.